

Tekst CECILIA ÖLVEČZKY Foto GRY JUVODDEN

«Ho framkallar vondskapen i oss,  
og derfor må ho dø»

Tekst CECILIA ÖLVEČZKY Foto GRY JUVODDEN

# «Yvonne har alt som eg likar med teater»

Ein italia-utdanna finlandssvenske frå Berlin gjestar Det Norske Teatret med polsk modernisme.

– Cilla, kva språk bruker du når du instruerer skodespelarane?

– Eg vart beden om å snakke svensk som alle skodespelarane kjenner og føler seg vel med. Men imellom er det eg som har problem med å forstå skodespelarane sitt språk, og da prøver eg å oppklare eventuelle mistydingar på engelsk. Om det ikkje skulle vere nok språkforvirring frå før, kjem all kunnskapsterminologi automatisk ut av munnen min på italiensk. Men det går betre og betre for kvar dag, spesielt etter at vi tok til å arbeide med scenane.

– Du legg stor vekt på det fysiske uttrykket og presisjon i rørsle?

– Eg studerte dans i min ungdom, og sjølv om eg valde eit anna yrke til slutt, interesserer rørsle som scenisk uttrykk meg mykje. I løpet av dei åra eg var i Italia, fekk eg ei mangfaldig regiutdanning. Teaterskolen i Milano var svært internasjonal. Vi hadde kurs med leiande regissørar innan eksperimentelt teater og koreografar som Sasha Waltz og Pina Bausch. Etter at eg avslutta studiane mine fortsette eg å oppsøke framstående teatermiljø og kjende danseensemble, t.d. Carolyn Carlsson og Wim Vandekeybus.

– Du arbeider mykje som regissør i heimlandet ditt, Finland, men også i andre europeiske land. Held regjyrket på å bli internasjonalt?

– Eg er sikker på at det å få impulsar frå eit anna land motverkar stagnasjon. Alle nasjonar har sin eigen stil påverka av teatertradisjonen i landet. Det er bra, men om det blir ortodokst, då har ein eit problem. I Finland representerer eg ei motvekt mot ein naturalistisk og historiesentrert tradisjon. Eg fekk nyleg eit femårig statsstipend for at eg skal halde fram med å gå min eigen veg.

– Og din eigen veg – kvar fører den?

– Eg vil ikkje reprodusere ei historie, eg prøver å skape mi eiga verd.

– Kva meiner du med det?

– Eg vil skape eit scenisk univers der «sjela» i stykket bestemmer kva retning eg skal gå. Eg søker ikkje etter autentisitet og tidsriktige scenebilete. Eg stryk og omdisponerer teksten for også å kome nærare kjernen i verket. Sidan tar eg alle hjelpemiddel i bruk for å skape ei verd der stykket kjem best til sin rett. Visualitet, rørsle, ord er jamstelte komponentar.

– Det er også grunnen til at du sjølv lagar kostyma?

– Og eg blandar meg mykje inn i scenografien. Det første

som bør vere ferdig i tankane mine, er det sceniske rommet som vi er i, og seinare kostyma. Kostymet er skodespelaren si hud, ikkje pynt som dei tar på seg dei siste vekene før premieren. Måten du er kledd på fortel mykje, spesielt på scenen. Eg likar å prøve i kostyme. Ein rører seg, snakkar på ein spesiell måte når ein har kostyme på seg.

– Du set ofte opp klassikarar og sjeldnare samtidsdramatik. Er du redd for at levande dramatistar ikkje vil finne seg i dine omarbeidingar?

– Ja, kanskje det. Men det har eg ikkje tenkt på før. Eg finn større utfordringar i eit klassisk verk, samtidsdramatikarar skriv ofte ei regibok, gir eit

konsept som eg opplever hemmande. Men eg skulle gjerne setje opp Sarah Kane, den unge desperate engelske dramatikaren. Men ho er også død, så eg må innrømme at eg er fascinert av dei døde forfattarane

– Kvifor valde du *Yvonne* av Gombrovitz til din norske regidebut?

– *Yvonne* har alt som eg likar med teater. Det er ein interessant eksistensiell teaterleik som er absurd, grufull, humoristisk, rituell, svært tankevekkande og moderne.

– Kven er denne Yvonne, som heile stykket handlar om? Forfattaren seier ho er fråstøytande og gir henne knapt ein heil replikk. Og ho blir verande ukjend for oss?

– At vi ikkje blir kjende med henne, er nøkkelen til stykket. Det som er framandt gjer oss usikre og redde. Ho må bli som oss. Vi projiserer oss på henne. Vi leiker med henne, elsker henne, mobbar henne, torturerer henne og til slutt øydelegg vi henne. Ho framkallar vondskapen i oss, og derfor må ho dø.

– Yvonne har inga fortid og ikkje noko særpreg. Prinsen som har alt og kan få alt, han vil likevel gifte seg med henne. Kvifor?

– Det er eit ungdomsopprør, nettopp fordi han kan få alt kjedar han seg. Han vil gjere noko grenseoverskridande. Ein del av dagens blinde og meiningslause vald kan forklarast på same måte. Prinsen vil ha Yvonne fordi ho er så annleis, men nett det at ho er annleis, gjer at han går frå henne og slår seg saman med dei som vil ta livet av henne. Yvonne's tragedie er at ho blir verande utanfor. Og hoffets tragedie er at dei berre ser sine eigne projeksjonar, og det bildet er ikkje særleg opploftande.

– Og neste prosjekt?

– Eg skal arbeide på det finske nasjonalteatret og setje opp stykket til ein «levande forfattar». Ho er fransk og heiter Yasmina Reza. Så skal vi sjå. Og etterpå vil eg ta det litt rolegare. Dei siste åra har eg sett opp minst tre stykke kvart år. Det er for mykje.

## REGISSØREN

### Cilla Back

Witold Gombrowicz' groteske og mørke kongelige saga *Yvonne* blir i dag rekna som eit praktverk i moderne dramalitteratur, og eit startsignal for det absurde teatret.

Cilla Back er fødd i Finland, morsmålet er finlandssvensk, ho studerte scenografi og regi i Italia, bur i Berlin med familien sin med engelsk som familiespråk. Ho er 36 år og arbeider for første gong som regissør i Noreg.